



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

  

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Øyvind Stang
	Arkivnr.: 14/7008	Klassering:

### Vidare utvikling av Bjørn West museet og deltaking frå Lindås kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Det årlege tilskotet til Bjørn West museet vert auka frå kr.5000.- til kr. 20.000.- for perioden 2016 – 2019.

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### Bakgrunn

I brev til Lindås kommune, datert 23.09 2015 gjer dagleg leiar Arne Berg ved Bjørn West Museet greie for bakgrunn og planane for vidare utvikling av museet:

15. oktober 1994 var Bjørn West Museet opna av Kong Harald. Museet vart ein realitet etter mykje frivillig dugnadsinnsats og initiativ. Masfjorden kommune stilte bygningar til disposisjon og ytte ein sum til oppretting av stiftinga Bjørn West Museet. Det gjorde også kommunane Lindås, Osterøy, Modalen og Gulen med kr. 5000.- kvar. Dette har vorte eit årleg tilskot frå desse kommunane. Hordaland Fylkeskommune var også sentral i opprettinga av Stiftinga. Dei nemnde kommunane er også representerte i stiftinga sitt styre, saman med fylke og andre.

Frå 2008 har alt driftsansvar lege til Masfjorden kommune. De kommunale kostnaden dei seinare åra har vore på om lag kr. 400.000.- årleg.

I 2014 kom arbeidet med ei konsolidering av museet skikkeleg i gang, og ein rapport frå Museum Vest frå desember 2014 konkluderer med at:

1. Bjørn West Museet bør konsoliderast og bli ein del av Stiftinga Museum Vest
2. Det bør arbeidast med eit nybygg ved E39 for å få eit nytt Bjørn West Museum, evt. Inkludert eit visningssenter for Stølsheimen, framfor å ruste opp eksisterande museumsbygg.

Museum Vest er tydeleg på at konsolidering ikkje er avhengig av nybygg, slik at desse prosessane kan gå noko uavhengig av kvarandre. Tilstanden til dagens museumsbygg gjer imidlertid at prosessane må gå parallelt.

Det er eit sterkt ynskje både frå Masfjorden kommune, Bjørn West Museet og Museum Vest at alle kommunane er med vidare i utvikling av Bjørn West museet.

Etter ei konsolidering vert det Museum Vest som står for all drift, også dagleg leiging. For å få ei fornying, vidareutvikling og profesjonalisering er det naudsynt med ei større stilling. Med tilskot frå Masfjorden kommune, tilsvarande frå Hordaland fylke, andre kommunar og anna er det eit mål å ha dagleg leiar i full stilling.

Dagleg leiar ved Bjørn West-museet ser for seg at det årlege tilskotet frå kommunane vert på kr.25000.- Han påpeikar og at i samband med konsolidering må det lagast nye vedtekter for Stiftinga og skriv vidare at dei «håpar difor kommunane framleis ynskjer å ha representantar i styret».

I brev datert 10.03 2016 opplysar Masfjorden kommune om at Gulen kommune har gjort eit vedtak om ei årleg løyving på kr.20.000.- til museet. Dei oppmodar dei andre kommunane i stiftinga om å gjere liknande vedtak.

## **Vurdering**

Bjørn West Museet er i gang med eit naudsynt utviklingsarbeid. Museum Vest har forfatta ein utfyllande rapport datert 5.12 2015. Den skisserar ulike alternativ for vidare utvikling. Auka aktivitet og ny organisering førar til auke i kostnadane. Det kan difor vere naturleg at Lindås kommune aukar driftstilskotet til Bjørn West-museet som vart satt til kr. 5000.- i 1994.

Lindås kommune ynskjer å fortsetje samarbeidet med Bjørn West museet. Det er viktig at kommunane saman får til ei god formidling av felles krigshistorie til komande generasjonar. Det årlege driftstilskotet vart derfor auka til kr. 20.000.-, for perioden 2016 – 2019.

.....

**Vedlagte saksdokument:**

Bjørn West-museet som ein del av Museum Vest	102067	10.05.2016
Bjørn West-museet - konsolidering	80553	10.05.2016

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost